

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde (nr. 1-2021)

Dato: 17. februar 2021

Stad: Teams

Møtetid: kl. 10.00 - 11.45

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:

Giske kommune ved kommunalsjef helse og omsorg Lene Bjørlo Overå

Stranda kommune ved einingsleiar Helene Rimstad

Sula kommune ved einingsleiar for heimetenestene Torunn Veddeng

Sykkylven kommune ved rådgivar helse og omsorg Margit Aure Overå

Ålesund kommune ved kommunalsjef helse og omsorg Synnøve Vasstrand Synnes

HMR – Ålesund sjukehus ved klinikksjef Klinikk Ålesund sjukehus Elisabeth Siebke

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for Avdeling for tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Kari Nesseth

HMR – Ålesund sjukehus ved seksjonsleder avdeling for barn og unge Inger Ann Berge

HMR – Ålesund sjukehus ved seksjonsleder for fysikalsk medisin og rehabilitering Hanne Elde

Brukarutvalet ved Asle Giske

Andre:

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Forfall: Fjord kommune ved kommunaldirektør Karl Andre Birkhol

Møteleiar: Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Referent: Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 1/2021: **Velkommen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde.**

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Det var ein presentasjonsrunde i starten av møtet.

Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 2/2021: **Godkjenning av referat frå førre møte nr. 1-2020 (14. oktober 2020)**

Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Referatet frå førre møte vart godkjend.

Sak 3/2021: **Kva skjer ved Ålesund sjukehus og i kommunane?**

Ved klinikksjef klinikk Ålesund sjukehus Elisabeth Siebke og kommunalsjef helse og omsorg i Ålesund kommune Synnøve Vasstrand Synnes

Siebke orienterte m.a. om omorganisering av Klinik for kvinner, barn og ungdom, om at pasientar med koronasmitte vert samla til Molde sjukehus og Ålesund sjukehus og om «Det utadvendte sjukehuset» (digital oppfølging av pasientar m.m.).

Synnes orienterte m.a. om Ålesund kommune sitt arbeid med koronavaksinering, om ny kommunehelsestrategi og om prosjektet «Smart helse og velferd» i samarbeid med NTNU mfl.

Sak 4/2021: **Etablering av Helsefellesskap Møre og Romsdal – vidare prosess**

Ved spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm

Tyrholm presenterte m.a. den nye og omfattande samarbeidsstrukturen. Oppgåvane til dei lokale samarbeidsutvala og dei faglege samarbeidsutvala vart presentert.

Det er starta ein prosess med oppnemming av representantar frå Helse Møre og Romsdal HF og frå kommunane til samarbeidsstrukturen.

Samarbeidssekretariatet mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane skal vere «limet» i helsefellesskapet og drive arbeidet i samarbeidsstrukturen framover. Dette vil krevje tilstrekkeleg kapasitet i samarbeidssekretariatet.

I møtet vart det vist til Sunnmøre Regionråd sitt høyringssvar til KS om felles samhandlingsressurs i Møre og Romsdal. I høyringssvaret foreslår regionrådet ei løysing der 2 representantar frå Sunnmøre, ein frå kvart av dei to sjukehusområda, går inn som kommunale representantar i samarbeidssekretariatet i helsefellesskapet.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 5/2021: Den eldre multisjuke pasient og palliativ plan – satsing i 2021

Ved spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm

Tyrholm viste til at palliativ plan er eit viktig samhandlingsverktøy.

Ei ressursgruppe har arbeidd med forløpet. I ny samarbeidsstruktur vert det eit fagleg samarbeidsutval som skal arbeide med multisjuke, palliasjon og stormottakarar.

Det vart kommentert i møtet at det er ein jobb å gjere med å dele kunnskap om bruksområdet for palliativ plan.

Presentasjonen følgjer vedlagt. Meir informasjon finn ein [her](#).

Sak 6/2021: Val av nestleiar i LSU Ålesund sjukehusområde.

Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Vedtak: Kommunalsjef helse og omsorg i Ålesund kommune Synnøve V. Synnes vert ny nestleiar i LSU Ålesund sjukehusområde for ein periode på 4 år.

Leiar og nestleiar i LSU Ålesund sjukehusområde har intensjon om å byte roller etter 2 år.

Sak 7/2021: Møteplan for 2021

Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Møteplan vidare i 2021 er fredag 30. april kl. 09.00-11 (Teams), fredag 17. september kl. 09.00-13.00 (fysisk møte) og fredag 26. november kl. 09.00-11 (Teams).

Sak 8/2021: Saker som er aktuelle for neste møte

Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Elisabeth Siebke

Det var m.a. forslag i utvalet om:

- å lage årshjul for utvalet sitt arbeid.
- å invitere Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Møre og Romsdal til møtet.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

- at kommunane presenterer eit tema som har eit særleg fokus.
- orientering om Barneblikk.

Sak 9/2021: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.